1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følgjer av skattebetalingsloven § 2-8, som vert utfylt av "Instruks for skatteoppkrevjarar" av 8. januar 2009.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt over skatteoppkrevjarane i saker som vedkjem skatteoppkrevjarfunksjonen, og pliktar å yte rettleiing og hjelp i faglege spørsmål. Skattekontoret søker gjennom mål- og resultatstyring å leggje til rette for best mogeleg resultat for skatteoppkrevjarfunksjonen. Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 1. januar 2014.

Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 1. februar 2011.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkrevjarfunksjonen vert utøvd tilfredsstillande i høve til gjeldande regelverk på følgjande områder:

- Intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen
- Skatte- og avgiftsinnkrevjing
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkrevjarfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgåvene med kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen.

2. Om skatteoppkrevjarkontoret

2.1 Bemanning

Sum årsverk til skatteoppkrevjarfunksjonen i følgje skatteoppkrevjar sine årsrapportar:

tal årsverk 2013	tal årsverk 2012	tal årsverk 2011
0,7	0,7	0,7

Postadresse
Njøsavegen 26863 Leikanger
skattvest@skatteetaten.noBesøksadresse
Sjå www.skatteetaten.no eller
ring gratis 800 80 000

Org. nr.: 991733108

Sentralbord
800 80 000Telefaks
51 91 73 01



Særskilte merknader til bemanningssituasjonen frå skatteoppkrevjar er at Samnanger kommune har oppretta ein avtale med Kvam kommune som gjeld i 6 månadar frå 2. september 2013 p.g.a. manglande kapasitet. Arbeidet omfattar føring av skatterekneskapet, innkrevjing og arbeidsgjevarkontroll.

3. Måloppnåing

3.1 Skatte- og avgiftsinngang

Skatterekneskapen for Samnanger kommune viser per 31. desember 2013 ein skatte- og avgiftsinngang¹ til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 216 380 773 og uteståande restansar² på kr 3 180 632, av dette krav stilla på vent kr 0. Skatterekneskapen er avlagt av skatteoppkrevjaren for Samnanger kommune (Kvam) 16. januar 2014.

3.2 Innkrevjingsresultat

Vi har gått gjennom innkrevjingsresultata per 31. desember 2013 for skatteoppkrevjarkontoret for Samnanger kommune.

Resultata viser følgjande:

	Totalt innbetalt i MNOK	Innbetalt av sum krav (i %)	Resultatkrav (i %)	Innbetalt av sum krav (i %) førre år	Innbetalt av sum krav (i %) regionen
Restskatt personlege skattytarar 2011	4,1	92,9	96,6	96,7	95,6
Arbeidsgjevaravgift 2012	22,8	99,1	99,8	99,5	99,9
Forskotskatt personlege skatteytarar 2012	9,4	100,0	99,8	100,0	99,3
Forskotsstrekk 2012	42,7	99,7	99,9	99,8	100,0
Forskotskatt upersonlege skatteytarar 2012	10,6	100,0	99,9	100,0	99,9
Restskatt upersonlege skattytarar 2011	2,1	100,0	99,5	99,5	92,7

3.3 Arbeidsgjevarkontroll

Skatteoppkrevjaren i Samnanger kommune har i 2013 ikkje kjøpt tjenester frå andre eller delteke i kontrollsamarbeid. Resultat for skatteoppkrevjarkontoret per 31. desember 2013 viser i følgje skatteoppkrevjaren sin resultatrapportering:

Tal arbeidsgjevarar	Minstekrav tal (5 %)	Tal utførte kontrollar i 2013	Utførte kontrollar 2013 (i %)	Utført kontroll 2012 (i %)	Utført kontroll 2011 (i %)	Utført kontroll 2013 region (i %)
54	3	1	1,9	0,0	0,0	4,2 %

¹ Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

² Sum opne (ubetalte) forfalne debetkrav



4. Kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skattekontoret har i 2013 gjennomført stadleg kontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda intern kontroll, skatterekneskap og innkrevjing. Siste stadlege kontroll vart halden 3. og 5. april 2013.

Skatteoppkrevjarkontoret har gjeve tilbakemelding på pålegg og tilrådingar som er gjevne.

5. Resultat av utført kontroll

- ***Intern kontroll***

På bakgrunn av kontrollane skattekontoret har gjennomført, har vi ikkje avdekka vesentlege manglar i skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll.

- ***Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen***

På bakgrunn av kontrollane vi har gjennomført, finn skattekontoret at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av skatterekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvist uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

- ***Skatte- og avgiftsinnkrevjing***

På bakgrunn av kontrollane vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

- ***Arbeidsgjevarkontroll***

Basert på dei kontrollane som vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk, men vert ikkje utført i tilstrekkeleg omfang då det er utført 1,9 % kontroller mot eit krav på 5%.

6. Ytterlegare informasjon

Skattekontoret har gjennom kontrollhandlinger i 2013 gjeve pålegg og tilrådingar som er meddelt skatteoppkrevjaren i rapport av 11. april 2013.

Venleg helsing



Arnljot von Mehren
avdelingsdirektør
Skatt vest



Jan Kåre Strøm
underdirektør
Regional kontrollleining

Kopi til:

- Kontrollutvalet for Samnanger kommune
- Skatteoppkrevjaren for Samnanger kommune
- Riksrevisjonen



Brannsjefen i Bergen

Vår referanse
13/799/14/352/ASK/TR

Arkivkode
FE-026, FA-M80

Dykkar referanse

Dato:
17.01.2014

DELEGERT FULLMAKT TIL BRANNSJEFEN I BERGEN

Me melder med dette frå om at brannsjefen i Bergen er gitt delegert fullmakt som brannsjef også i Samnanger kommune.

Saka er handsama som delegert sak nr. 004/14

VEDTAK:

Det er inngått avtale om samarbeid om brann- og redningstenester mellom Bergen kommune/Bergen Brannvesen og Samnanger kommune gjeldande frå 01.01.2014.

Kommunestyret i Samnanger har ved vedtak om delegeringsreglement for Samnanger kommune (20.02.2003) delegert mynde til rådmannen til å ta avgjerder etter Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig gods og om brannvesenets redningsoppgåver av 14. juni 2002 nr. 20. Rådmannen delegerer med dette vedtaket mynde sitt vidare til brannsjefen i Bergen. Brannsjefen har fullmakt til vidaredelegasjon. Delegert mynde gjeld frå 01.01.2014.

Dette inneber at brannsjefen i Bergen får tildelt fullmakter for fylgjande ansvarsområde og kompetanse:

Av brannførebyggjande oppgåver får Bergen brannvesen ansvar for å føra tilsyn med særskilte brannobjekt (som pleieinstitusjonar, overnattingsstader, forsamlingslokale etc) jmf brann- og eksplosjonsvernlova § 13, brannførebyggjande informasjon og sakshandsaming i medhald av brannlova med tilhøyrande forskrift.

Av beredskapsoppgåver får Bergen brannvesen ansvar for brann- og røykdykkarteneste, redning ved ulukker og naturkatastrofar, redningsdykkarteneste, innsats ved akutt forureining på sjø og land, restverdiredning, lensing, regional assistanse og innsats i sjøområde i Samnanger kommune.

Kompetanse

Med unnatak av prinsipielle saker og dei unnatak som fylgjer av lova sjølv vert fylgjande mynde delegert til brannsjefen i Bergen:

LOV 2002-06-14 nr 20: Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernloven)		
<i>Bemyndiget: Brannsjefen i Bergen</i>		
Sak/tema	Hjemmelsgrunnlag	Merknad
Myndighet til å fastsette nødvendige brannsikringstiltak, begrensninger og kreve ansvarshavende arrangør ved store arrangementer.	§ 7, 2. ledd	
Myndighet til å bestemme at det skal gjennomføres systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid også i objekter der det ikke er direkte fastsatt i eller i medhold av loven, og tilsvarende myndighet til å kreve dokumentasjon.	§ 8, 1. ledd	
Myndighet til å identifisere og føre fortegnelse over byggverk, opplag, områder, tunneler, virksomheter m.m. hvor brann kan medføre tap av mange liv eller store skader på helse, miljø eller materielle verdier.	§ 13, 1. ledd	
Myndighet til å bestemme at det gjennom enkeltvedtak skal føres tilsyn med andre byggverk m.m. enn de som er omfattet av første ledd.	§ 13, 4. ledd en	Gjelder kun enkeltvedtak.
Myndighet til å kunne pålegge nødvendige brannverntiltak i enkelttilfeller for ethvert byggverk, opplag, område, tunnel m.m.	§ 14, 1. ledd	
Myndighet til å kreve fremlagt, uten hinder av taushetsplikten, de opplysninger som anses nødvendige for utøvelsen av tilsynet. Myndighet til å bestemme i hvilken form opplysningene skal gis.	§ 33, 1. ledd	
Myndighet til å føre tilsyn på de områder som går frem av denne loven eller av forskrifter gitt i medhold av denne lov.	§ 32.	
Myndighet til å kreve til enhver tid uhindret adgang til ethvert sted og til enhver innretning og kjøretøy tilsynsmyndigheten finner nødvendig for å føre tilsyn etter denne loven. Om nødvendig kan det kreves bistand fra politiet for å sikre slik adgang. Myndighet til å pålegge eier, bruker, arbeidsgiver eller representant for disse, å være til stede under kontrollen. Tilsynspersonellet kan bestemme at retten disse har til å være tilstedet ikke skal gjelde ved intervju av arbeidstaker eller dersom slik tilstedeværelse ikke kan gjennomføres uten vesentlig ulempe eller uten at formålet med kontrollen settes i fare.	§ 34, 1. ledd § 34, 3. ledd	
Myndigheten til å kreve at den som eier, tilvirker, innfører eller markedsfører et produkt skal fremlegge en representativ prøve av produktet eller iverksette de undersøkelser som finnes nødvendige for å vurdere produktets egenskaper, virkninger eller egnethet. Tilsvarende gjelder når det er nødvendig for å avgjøre om et produkt faller inn under loven. Myndigheten til å selv sette i verk slike undersøkelser eller foreta nødvendig prøvetaking og kontroll av produktet.	§ 35, 1. ledd	
Myndighet til å gi de pålegg og ellers treffe de enkeltvedtak som er nødvendige for gjennomføringen av bestemmelser gitt i eller i medhold av loven. Myndighet til å stanse eller forby bruk dersom pålegg ikke oppfylles eller ved overhengende fare, og til å kreve bistand	§ 37	

fra politiet.		
Myndighet til å ilegge tvangsmulkt.	§ 39	
Myndighet til å utferdige forelegg	§ 40, 1. ledd	
Myndighet til å besørge at pålegg i rettskraftig dom utføres	§ 40, 4. ledd	
Myndighet til å fullbyrde et pålegg ved overhengende fare	§ 40, 5. ledd	

FOR 2002-06-26 nr 922: Forskrift om håndtering av eksplosjonsfarlig stoff

Bemyndiget: Brannsjefen i Bergen

Sak/tema	Hjemmelsgrunnlag	Merknad
Myndighet til å gi tillatelse til oppbevaring av eksplosiver opp til og med 500 kg . Myndighet til å fastsette nærmere vilkår selv om varene tillates oppbevart uten tillatelse..	§ 7-1, 2. og 5. ledd	
Myndighet til å pålegge virksomheter å innføre adgangs- og atferds restriksjoner, områdeovervåking m.m. når hensynet til personers sikkerhet og virksomhetens sårbarhet krever det,	§ 7-2, 2. ledd	
Myndighet til å gi tillatelse til erverv av fyrverkeri klasse IV, raketter klasse II og III og pyrotekniske sceneeffekter.	§ 8-2, 5 ledd	
Myndighet til å gi tillatelse til handel med pyroteknisk vare.	§ 9-2, 2. ledd	
Myndighet til å gjøre unntak fra forbudet om utlevering og oppbevaring av fyrverkeri fra mindre kjøpesenter. Myndighet til å, ut fra en brannteknisk vurdering av bl.a. aktuelt brukssted og årstid, gi særskilt tillatelse til kjøp av annet fyrverkeri klasse II og III enn nevnt i annet ledd i et enkelt tilfelle og i et annet tidsrom.	§ 9-4, 3. ledd § 9.4, 5 ledd	
Myndighet til å føre tilsyn med at bestemmelsene gitt i denne forskriften blir overholdt.	§ 17-1, 1. ledd	

FOR 2009-06-08 nr. 602: Forskrift om håndtering av brannfarlig, reaksjonsfarlig og trykksatt stoff samt utstyr og anlegg som benyttes ved håndteringen

Bemyndiget: Brannsjefen i Bergen

Sak/tema	Hjemmelsgrunnlag	Merknad
Myndighet i det enkelte tilfelle fastsette nærmere begrensninger eller forbud mot håndtering av farlig stoff dersom det anses nødvendig for å verne liv, helse, miljø og materielle verdier mot uhell og ulykker med farlig stoff	§ 22	
Myndighet til å føre tilsyn med at bestemmelse i denne forskrift blir overholdt. Ved utøvelsen av tilsynet gjelder lov 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver § 33 – § 36.	§ 23, 1. ledd	

FOR 2002-06-26 nr 847: Forskrift om brannforebyggende tiltak og tilsyn.

Bemyndiget: Brannsjefen i Bergen

Sak / tema	Hjemmelsgrunnlag	Merknad
Myndighet til å kreve at det skal utarbeides rednings- og beredskapsplaner også for andre type objekter enn særskilte brannobjekter	§ 3-4, 2. ledd	

Myndighet til å sørge for at brannvesenet samarbeider med andre aktuelle myndigheter, slik at lover og forskrifter gitt for å kontrollere brannrisikoen anvendes samordnet.	§ 5-1.	
Myndighet til å sørge for at: <ul style="list-style-type: none"> a. en tilstrekkelig del av brannvesenets samlede ressurser disponeres til forebyggende og kontrollerende arbeid b. det foreligger ajourførte fortegnelser over særskilte brannobjekter og fyringsanlegg c. det hvert år utarbeides en plan over aktuelle brannverntiltak, herunder gjennomføring av tilsyn med særskilte brannobjekt og feiing og tilsyn med fyringsanlegg for det etterfølgende år. Planen skal inngå i kommunens systematiske helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid d. det innen 1. mars hvert år utarbeides en rapport over hvilke tiltak, herunder tilsyn med særskilte brannobjekt og feiing og kontroll med fyringsanlegg som er gjennomført det foregående år, samt om hvordan eiere/brukere av brannobjekter i kommunen gjør framskritt med brannvernarbeidet. Rapporten skal inngå i kommunens systematiske helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid. 	§ 5-2.	
Myndighet til å sørge for å gjennomføre motivasjons- og informasjonstiltak om faren for, og ved brann, om forebyggende brannverntiltak og opptreden i tilfelle brann.	§ 5-3.	
Myndighet for å sørge for at den kommunale vannforsyning fram til tomtegrense i tettbygd strøk er tilstrekkelig til å dekke brannvesenets behov for sløkkevann.	§ 5-4. 1. ledd	
Myndighet for å sørge for, så langt det er mulig, at brannvesenet i brannsituasjoner har atkomst til bygninger, samt oppstillingsmuligheter m.m. for materiellet.	§ 5-5. 1. ledd	
Myndighet til å sørge for at det gjennomføres tilsyn i alle særskilte brannobjekter.	§ 6-3. 1. ledd	
Myndighet til å fritta for meldeplikt for mindre opplag. Myndighet til å fastsette nærmere vilkår for oppbevaringen eller fastsette begrensinger i oppbevaring, dersom varene etter forholdene på stedet finnes å medføre særlig fare for eller ved brann eller eksplosjon	§ 8-4	
Myndighet til å føre tilsyn på de områder som fremkommer uttrykkelig i denne forskriften.	§ 10-1 2. ledd	

Andre lover:

Treffe avgjørelser i medhold av forvaltningsloven, offentlighetsloven og andre generelle lover innenfor ansvarsområde, herunder å gi oppreisning ved oversitting av klagefrist (fvl. § 31) og treffe beslutning om utsatt iverksetting av vedtak (fvl. § 42).

Der annet ikke fremgår av fullmaktene har Bergen brannvesenet myndighet til å forberede klager som underinstans og sende klagene med uttalelse til Samnanger kommunes klageorgan



Med helsing

Tone Ramsli
rådmann

Kopi til:

Bente Boge
Kenth P. Opheim
John Inge Sandvik
Lensmannen i Kvam og Samnanger

Paviljongen på Bjørkheim

Paviljongen var satt opp av Bergen Arkitektforeining i 2008 i samband med 100-års jubileum deira. Samnanger kommune fekk i 2009 paviljongen i gåve frå Bergen Arkitektforeining og den 23. april 2009 vedtok kommunestyret at paviljongen skulle plasserast på Bjørkheim.

Paviljongen vart flytta til Samnanger sommaren 2009 og lysa vart montert til advent. Den har vorte eit landemerke i Samnanger og den har sidan den kom vore ein møteplass og eit samlingspunkt på Bjørkheim. Den er synleg når ein kjem kjørande ned frå Gullbotn.

Tabellen viser midlane nytta på paviljongen sidan den vart gitt i gåve.

Opparbeiding av tomt, oppsett av paviljong osv	kr	360 688
Lys/vedlikehald?	kr	126 984
Reparasjon hærverk elektro	kr	7 000
Reparasjon råteskader på konstruksjon	kr	40 000
Maling	kr	2 000
Benker/bord	kr	5 000
Grønt/planter	kr	34 000
Reparasjon /justering lys	kr	29 895
Tilskot frå private	kr	-41 000
Gåver	kr	-12 000
Sum	kr	552 567

Paviljongen er ikkje bygd for å stå ute over lang tid, og no er diverre forfallet kome så langt at den snart er til fare for folk. Det er stadfesta råteskadar som gjer at styrken i konstruksjonen er sterkt redusert. For to år sida vart paviljongen kledd inn med stålplater, men det har ikkje hindra forfallet. Kommunen har heile tida vore merksam på at paviljongen ikkje var bygd for å vara til "evig tid".


Rådmannen har ikkje anna val enn å fjerna paviljongen før den vert til fare for folk. Fjerninga vil skje ein gong etter 10. mars dette år.

Når paviljongen vert fjerna er dei kvalitetane som ligg i den, viktig å vidareføra. Området der paviljongen står er regulert til park, og i planskildringa for områdeplanen heiter det: *"For å sikra at Bjørkheim vert ein attraktiv tettstad er det heilt avgjerande at ein får på plass dei sentrale elementa som skal "heva" sentrum."* Eit av desse sentrale elementa er parkområdene. Ved at paviljongen vart etablert på området er delar av kostnaden med parkanlegget alt teke; opparbeiding av tomta og beplantning.

Me startar med blanke ark om kva me kan nytta plassen til, men plassen bør framleis nyttast til ein synbar møteplass som er eit naturleg samlingspunkt, og kvaliteten bør vera god. Me kan sjølvsagt byggja opp paviljongen på nytt i eit materiale som tåler Samnangervêret, men me kan òg skapa noko anna.

Staden kan nyttast til opplysning om Samnanger for innbyggjarane og forbipasserande.

Samnanger kommune er, som del av arbeidet til Kraftsenteret, involvert i eit prosjekt med Statnett for oppsetting av informasjons-/kunnskapstavler. Dette prosjektet er pågåande og har ikkje kome langt nok til at me kan skildra kva det kjem til å innehalda. Statnett har vore på synfaring til paviljongen og vorte begeistra over staden. Ei slik tavle kan vise at Samnanger er ein kraftkommune for dei forbipasserande. I tillegg til desse tavlene kan me nytta plassen til informasjon om reiselivsrelatert verksemd i kommunen.



Vår dato 21.02.2014

Samnanger kommunestyret
v/ ordførar Marit Aase

Vedk. vedtak i kommunestyret om framleis klassedeling for noverande 5. trinn, budsjettåret 2014.

Kommunestyret gjorde i møte 18.12.2014 m.a. følgjande vedtak: “*Vedr. samanslåing av 5. klassetrinn i barneskolen; trinnet skal ikkje slåast saman i budsjettperioden 2014*”.

Vedtaket i kommunestyret vil skulen v/ rektor sjølvsagt ta til etterretning. Samstundes er det naudsynt for skulen å;

- 1. få svar på eit prinsipielt spørsmål**
- 2. synleggjera mogelege konsekvensar av vedtaket**

Bakgrunn

I Opplæringslova §9.1 står det m.a. “*..Opplæringa i skolen skal leiast av rektorar. Rektorane skal halde seg fortrulege med den daglege verksemda i skolane og arbeide for å vidareutvikle verksemda. Den som skal tilsetjast som rektor, må ha pedagogisk kompetanse og nødvendige leiareigenskapar*” Innhaldet i ansvaret for opplæringa som er lagt til rektorane kjem m.a. fram i Opplæringslova og Forskrift til Opplæringslova. Eksempel på kva dette ansvaret gjeld, finn me i;

Oppl.lova §8.2, som omhandlar organisering av elevar i klassar eller basisgrupper.

Oppl.lova §2.8 som omhandlar organisering av særskild språkopplæring

Oppl.lova §5.1 som omhandlar rett til spesialundervisning

Oppl.lova §1.3 som omhandlar rett til tilpassa opplæring

Oppl.lova §9a-1-2 som omhandlar rett til godt fysisk og psykososialt miljø.

Alle lovene vist til ovanfor, krev at rektor til ei kvar tid kan disponera ressursane til skulen slik at det gir eit forsvarleg og likeverdig tilbod til *alle* elevane. Jfr. “Likeverdig opplæring” Udir 2011 “*Likeverdig opplæring er et nasjonalt mål og det overordnede prinsippet som dekker all sider ved opplæringen*”.

Høve til å disponera dei personalmessige og dei økonomiske ressursane internt ved skulen har vore rektor sitt ansvar og det viktigaste styringsreiskapet rektor har. Råderett og disposisjon av skulen sitt budsjett er det som gjev leiinga handlingsrom til å imøtekoma individuelle eller organisatoriske behov.


På eit av dei andre klassetrinna ved skulen har leiinga hausten 2013 føreteke omfattande endringar/omdisponeringar for å ivareta elevane sitt læringsmiljø og det psykososiale miljøet for personalet i klassen. Naudsynte endringar er føreteke m.a. utifrå ei vurdering av forsvarlegheit- og likeverdprinsippet i Opplæringslova.

Dette har vorte gjort nettopp ut frå rektor sin styringsrett og ansvar, og at rektor har kunna omdisponera ressursane etter behov.

Vedtaket kommunestyret gjorde 18.12.2014 innskrenkar rektor sin mogelegheit til å styra etter lovverket, fordi deler av rammene vert låst til ein gitt klasse.

Skulen er sjølvsagt glad for å få behalda rammene, men er ikkje tilfreds med at deler av rammene vert detaljstyrt av kommunestyret. Skulen meiner det pedagogiske ansvaret, og dei pedagogiske faglege vurderingane, må liggja hos skulen ved rektor.

Postadresse:	Telefon	Mobil	E-post:
Nesjavegen 17	Skule: 56 58 99 80	Skule:	barneskulen@samnanger.kommune.no
5650 Tysse	SFO:	SFO: 488 99 549	Heimes.: www.samnanger-barneskule.no



Samnanger kommune

Leiinga ved Samnanger barneskule ønskjer å;

1.få svar på eit prinsipielt spørsmål

Har kommunestyret lagt opp til ein endra praksis der me i framtida må forventa auka detaljstyring i disponeringa av skulen sine rammer?

2.synleggjering av moglege konsekvensar av vedtaket av 18.12.2014

Ein viktig direkte konsekvens av vedtaket, er rektor sin reduserte moglegheit til å kunna disponera skulen sine rammer ut frå skulen sine til ei kvar tid pedagogisk faglege vurderingar. Dette vil kunna ha innverknad på både elevane og lærarane sine lærings- og arbeidstilhøve.


Ein mogleg konsekvens, som me allereie har fått meldingar om høgst sansynleg vil koma, er at foreldre og føresette på andre klassetrinn også vil krevja klassedeling ut frå vedtaket kommunestyret gjorde 18.12.2014.

Dette kan slik skulen ser det, gje skule og kommune store utfordringar.

Leiinga ved skulen ønskjer å presisera at me er glade for at kommunestyret viser dei vil arbeida for så gode rammer som råd er i skulane i Samnanger. Det er måten dette vedtaket er utforma på, og konsekvensane av det, som vert vanskeleg for oss.

Saka er handsama i møte med;

- rådmann og ass. rådmann
- ATG og teamleiarar
- FAU
- SU


Vigdis Vikne
Rektor


Inge Aasgaard
Inspektør

Kopi til: rådmann, ass. rådmann, leiar i FAU og SU, kommunen sin representant i SU



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Hugo Morken, 55 57 21 17

Vår dato
27.01.2014
Dykkar dato
27.12.2013

Vår referanse
2014/35 323
Dykkar referanse
10/267/13/6848/INT/JEB

Samnanger kommune
Tyssevegen 217
5650 Tysse

Krav om lovlegkontroll av vedtak fatta i Samnanger kommunestyre den 6. november 2013

Fylkesmannen viser til oversending motteken her den 02.01.2014.

Vedtak

Krav om lovlegkontroll vert avvist.

Bakgrunn for saka

Samnanger kommunestyre handsama den 25.09.2013 sak 047/13 «gjennomgang av interpellasjon om brot på teieplikta». Interpellasjonen som var grunnlaget for saka kom inn til kommunestyremøtet 17.04.2013. Saksutgreiinga i sak 047/13 vart gjort av setjerådmann/kommuneadvokat frå Fjell kommune. Kommunestyret vedtok 25.09.2013 å godta setjerådmannen sin konklusjon om at det ikkje var funne brot på teieplikta. Vedtaket vart gjort med tolv mot ni røyster.

Til kommunestyremøtet 06.11.2013 kom det inn ein interpellasjon med tittelen «*interpellasjon vedrørande teieplikt og hendingar i kommunestyret 06.03.2013*». Det vart i interpellasjonen stilt spørsmål ved setjerådmannen sitt arbeid/saksutgreiing i sak 047/13. Interpellantane foreslo at det skal gjerast ein ny gjennomgang av interpellasjonen om brot på teieplikta og at «*brev om hendingar i kommunestyret 06.03.2013*» vert vedlagt saka. Det vart vidare foreslått at advokat Harald Hove skal setjast til denne oppgåva.

Kommunestyret vedtok 06.11.2013 at interpellasjonen om brot på teieplikta skal gåast gjennom på nytt, og at advokat Harald Hove vert sett til oppgåva med å vurdera interpellasjonen og omtalen av hendingar i kommunestyret 06.03.2013. Vedtaket vart gjort med tretten mot åtte røyster.

Kommunestyrerepresentantane Brigte Olav Gåsdaal, Liv Berit Kvernes Befring og Øyvind Strømmen har sett fram krav om lovlegkontroll av vedtaket. Kravet vart motteken av ordføraren den 27.11.2013.

Klagarane stiller spørsmål ved om kommunestyret bryt reglane om offentlege innkjøp ved at oppdraget som vart gitt til advokat Hove ikkje vart konkurranseutsett. Vidare stiller dei spørsmål ved om representantar i kommunestyret «*på ein slik måte kan overta oppgåver rådmannen skal ha*».

Kommunestyret handsama kravet om lovlegkontroll i møte den 18.12.2013. Det vart ikkje fatta nytt vedtak i saka og kravet om lovlegkontroll er derfor sendt til Fylkesmannen for hand-saming.

Fylkesmannen si vurdering

Lovlegkontroll er regulert i kommunelova (kompl.) § 59. Føresegna lyder som følgjer:

«1. Tre eller flere medlemmer av kommunestyret eller fylkestinget kan sammen bringe avgjørelser truffet av folkevalgt organ eller den kommunale eller fylkeskommunale administrasjon inn for departementet til kontroll av avgjørelsens lovlighet. Det samme gjelder avgjørelser om møter skal holdes for åpne eller lukkede dører, jf. § 31, og avgjørelser om habilitet. Avgjørelser om ansettelse, oppsigelse eller avskjed er ikke gjenstand for lovlighetskontroll. Spørsmål om det foreligger brudd på lov av 16. juli 1999 nr. 69 om offentlige anskaffelser, og forskrifter vedtatt med hjemmel i denne lov kan heller ikke gjøres til gjenstand for lovlighetskontroll.

2. Krav om lovlighetskontroll framsettes for det organ som har truffet den aktuelle avgjørelse. Hvis dette opprettholder avgjørelsen, oversendes saken til departementet.

3. Det organ som har truffet avgjørelsen, kommunalt eller fylkeskommunalt organ overordnet dette, eller departementet, kan beslutte at avgjørelsen ikke skal iverksettes før lovlighetsklagen er avgjort.

4. Ved lovlighetskontroll skal det tas stilling til om avgjørelsen

a. er innholdsmessig lovlig,

b. er truffet av noen som har myndighet til å treffe slik avgjørelse, og

c. er blitt til på lovlig måte.

Departementet skal oppheve avgjørelsen hvis det er gjort slike feil at den er ugyldig.

5. Departementet kan på eget initiativ ta en avgjørelse opp til lovlighetskontroll.

6. Departementet kan kreve at kommunen og fylkeskommunen gir opplysninger om enkeltsaker eller sider av kommunens og fylkeskommunens virksomhet. Departementet har rett til innsyn i alle kommunale og fylkeskommunale saksdokumenter.

7. Departementet fastsetter nærmere regler om tidsfrister for krav om lovlighetskontroll.»

Kommunaldepartementet har delegert mynde til å gjennomføre lovlegkontroll av kommunale avgjerder til Fylkesmannen, jf. rundskriv H-25/92.

Vi fastslår innleiingsvis at kravet om lovlegkontroll er sett fram av nokon som har rett til å krevje lovlegkontroll etter kompl. § 59 nr. 1. Kravet er vidare sett fram innan dei fristar som gjeld.

Det neste spørsmålet saka reiser er om Fylkesmannen har mynde til å foreta lovlegkontroll av dei aktuelle avgjerdene.

Fylkesmannen forstår det aktuelle vedtaket frå Samnanger kommunestyre som to avgjerder. Det er for det første gjort vedtak om at interpellasjonen om brot på teieplikta skal gåast gjennom på nytt. Dernest er det gjort vedtak om å gje oppdraget til advokat Hove. Vi forstår det vidare slik at det er kravd lovlegkontroll av begge desse avgjerdene.

Hovudregelen i koml. § 59 nr. 1 er at det er kommunale «avgjørelser» som kan vere gjenstand for lovlegkontroll. Slik dette omgrepet vert forstått, er det berre avgjerder som avgjer realiteten i ei sak som kan vere gjenstand for lovlegkontroll¹. Det vil seie at det som hovudregel berre er den endelege avgjerda, dvs. den avgjerda som avslutter saka, som er gjenstand for kontroll. Prosessleiane avgjerder, det vil seie avgjerder som er fatta som ledd i hand-saminga av ei sak, kan ikkje i seg sjølv vere gjenstand for lovlegkontroll, ut over dei tilfella som er positivt regulert i koml. § 59 nr. 1 andre setning².

Avgjerda om at interpellasjonen om brot på teieplikta skal gåast gjennom på nytt må, slik Fylkesmannen ser det, reknast for å vere ei prosessuell avgjerd. Denne avgjerda avsluttar ikkje saka. Vi kan heller ikkje sjå at dei øvrige alternativa i koml. § 59 nr. 1 gir Fylkesmannen mynde til å foreta lovlegkontroll av denne avgjerda. På dette grunnlag finn Fylkesmannen at vi ikkje har mynde til å foreta lovlegkontroll av denne avgjerda. Kravet om lovlegkontroll vert derfor å avvise.

Når det gjeld avgjerda om å gje oppdraget til advokat Hove, er grunnlaget for kravet om lovlegkontroll at det vert reist spørsmål ved om kommunestyret bryt reglane om offentlege innkjøp.

Det følgjer av ordlyden i koml. § 59 nr. 1 fjerde setning at spørsmål om det ligg føre brot på føresegnene gitt i eller i medhald av lov 16. juli 1999 nr. 69 om offentlege innkjøp ikkje kan vere gjenstand for lovlegkontroll etter koml. § 59. Er det kravd lovlegkontroll med den grunn-gjeving at avgjerda er i strid med reglane om offentlege innkjøp, skal saka avvisast³.

Kravet om lovlegkontroll av avgjerda om å gje oppdraget til advokat Hove vert etter dette avvist.

Etter dette konkluderer Fylkesmannen med at vi ikkje har mynde til å foreta lovlegkontroll av nokon del av kommunestyret sitt vedtak. Kravet om lovlegkontroll vert derfor avvist.

Fylkesmannen sitt vedtak kan ikkje påklagast.

Vi ber Samnanger kommune om å underrette dei kommunestyrerepresentantane som hadde kravd lovlegkontroll om dette vedtaket.

¹ Jf. til dømes Ot. prp. nr. 17 (2008-2009) s. 37, og Kommunaldepartementet sin rettleiar H-2299 s. 11

² Jf. Kommunaldepartementet sin rettleiar H-2299 s. 13

³ Jf. Kommunaldepartementet sin rettleiar H-2299 s. 17

Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Else-Kristin Foss Vikenes
avdelingsdirektør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fra: Morken, Hugo
Sendt: 28.01.2014
Til: Postmottak
Kopi:
Emne: Avvisning - Lovlegkontroll - Samnanger - Interpellasjon vedrørende teieplikt og hendingar i kommunestyret 060313

Sjå vedlegg.

Med hilsen

Hugo Morken
seniorrådgiver

Fylkesmannen i Hordaland
Kommunal- og samfunnsplanavdelingen
Telefon: 55 57 21 17

www.fylkesmannen.no/hordaland <<http://www.fylkesmannen.no/hordaland>>



Informasjonsnotat / orientering

Til:
Kommunestyret

Frå:
Jan Erik Boge

STATUS FOR ARBEIDET MED NY GJENNOMGANG AV INTERPELLASJON OM BROT PÅ TEIEPLIKTA

Saknr/Journalnr
11/641/14/1084/INT/JEB

Arkivkode
FE-033, TI-&29

Dato:
25.02.2014

Kommunestyret vedtok 06.11.2013 at interpellasjon om brot på teieplikta skal gåast gjennom på nytt, og at advokat Harald Hove vert sett til denne oppgåva.

Hove rekna i utgangspunktet med at han skulle verta ferdig med oppgåva i midten av januar 2014, men arbeidet hans har vorte forseinka og er framleis ikkje ferdig. Hove sin rapport kjem derfor ikkje opp som sak i kommunestyret 05.03.2014.

Hove gjennomførte i veke 5/2014 intervju/samtalar med folkevalde og tilsette i kommunen, men dei som vart intervjuja har førebels ikkje fått skriftleg referat frå samtalane. Det står også framleis att intervju/samtale mellom Hove og ein tilsett i kommunen.

Kommuneadministrasjonen veit per i dag ikkje kva tid Hove sin rapport vert ferdig.



Informasjonsnotat / orientering

Til:
Kommunestyret

Frå:
Jan Erik Boge

LOKALDEMOKRATIUNDERSØKING 2014

Saknr./Journalnr
09/415/14/1080/INT/JEB

Arkivkode
FE-010

Dato:
25.02.2014

Kommunesektorens organisasjon (KS) skal i 2014 gjennomføra ei lokaldemokratiundersøking i diverse kommunar i landet, mellom anna i Samnanger. Undersøkinga består av ein innbyggjardel og ein folkevalddel.

I kommunestyremøtet 05.03.2014 skal folkevalddelen av undersøkinga i Samnanger gjennomførast. I samband med dette vil Viktor Ebbesvik frå KS vera til stades i kommunestyret.

Som vedlegg til dette notatet følgjer informasjon om undersøkinga samt spørsmåla til folkevalde i undersøkinga.

Vedlegg:
Informasjon om lokaldemokratiundersøkinga
Spørsmål til folkevalde

Til kommuner som gjennomfører KS lokaldemokratiundersøkelse 2014

Vi viser til mail om deltakelse i lokaldemokratiundersøkelsen 2014. I dette notatet følger viktig informasjon knyttet til gjennomføring av undersøkelsen om:

- Innbyggerdel av undersøkelsen, og kostnader
- Folkevalgdelen av undersøkelsen
- Resultater og oppfølging
- Europarådets strategi for godt styresett

Innbyggerundersøkelsen

KS har inngått avtale med TNS Gallup om gjennomføring av innbyggerdelen av undersøkelsen, dvs ved telefonintervju med et representativt utvalg innbyggere i de påmeldte kommunene. Innbyggerdelen består av 15 påstander som respondenten bes ta stilling til, disse er vedlagt dette notatet. Fra uke 3 er TNS Gallup i gang med telefonintervju av innbyggere i kommunene. Kommunene har ingen oppgaver i forbindelse med dette.

Til innbyggerundersøkelsen følger det en egenandel fra kommunenes side som KS vil fakturere i etterkant når det er klart hvor mange telefonintervjuer som er gjennomført. Kommunenes egenandel er nå betydelig lavere enn tidligere antydnet fordi Kommunal- og moderniseringsdepartementet bidrar med midler til undersøkelsen. Prisnivået vil være omtrent som følger;

Kommunestørrelse	antall respondenter	omtrent pris pr kommune + mva
Inntil 5000 innbyggere	inntil 250	kr 10 000 – 17 000
5000 til 20 000	300	kr 15 000 – 20 000
20 001 eller flere	300	kr 15 000 – 20 000

Folkevalgtundersøkelsen

Folkevalgt delen av lokaldemokratiundersøkelsen skal gjennomføres i kommunestyremøte. 41 spørsmål skal besvares elektronisk av det enkelte tilstedeværende kommunestyremedlem (faste og ev møtende vara) ved å følge link som er tilsendt den enkelte på epost dagen i forveien. Kontaktperson vil også motta ekstra påloggings-ID til bruk dersom kommunestyremedlemmer ikke har mottatt link.

15 av spørsmålene som stilles de folkevalgte er likelydende de spørsmål som blir stillet innbyggerne. Videre er en del av spørsmålene likelydende fra undersøkelsen i 2010. De fleste av spørsmålene har også det samme materielle innhold som dengang. Spørsmålene vedlegges dette notatet.

KS tar på forhånd kontakt med den enkelte kommune for å innhente folkevalgtes epostadresser og antall kommunestyremedlemmer, til dette formål.

Kommunene må gi beskjed til KS ved Lise Spikkeland, på epost lise.spikkeland@ks.no, om dato for kommunestyremøte hvor folkevalgt delen av undersøkelsen skal gjennomføres. Link til undersøkelsen vil bli sendt alle faste kommunestyremedlemmer like i forkant.

Det er viktig at kommunestyrets medlemmer er kjent med denne undersøkelsen når de mottar epost med link.

Det bør settes av oppimot én time i kommunestyremøte til introduksjon og gjennomføring av spørreundersøkelsen blant de folkevalgte. Selve undersøkelsen vil ta maksimalt 20 minutter. En representant fra KS i regionen vil ta kontakt med kommunen og være tilstede i møte og gi bistand og informasjon.

Resultater og oppfølging

Kommunene ved ansvarlig kontaktperson må selv hente ut resultatene fra databasen, både fra folkevalgt- og innbyggerundersøkelsen. Kontaktperson vil gis tilgang til databasen, og det vil bli gitt informasjon om hvordan rapporter kan hentes ut. KS i regionen vil også bistå når resultatene skal gjennomgås. Resultatene fra kommunene vil også ligge tilgjengelig på en offentlig webportal www.bedrekommune.no

Det vil bli mulig å sammenligne resultatene med andre kommuner, og for kommuner som gjennomførte lokaldemokratiundersøkelsen i 2010 legges det til rette for at resultater kan sammenlignes på en del av spørsmålene.

Når det gjelder kommunenes oppfølging av resultatene og videre demokratiutvikling kan KS tilby flere nyttige hjelpemidler. En nylig utgitt KS-rapport «Veier til god lokaldemokratisk styring» fra NIBR m.fl. nylig har gjennomført for KS gir gode analyser og nyttige tips som grunnlag for videre demokratiarbeid. På nedenstående nettside vil det legges ut flere tips og ideer. Denne siden vil også løpende oppdateres med info om undersøkelsen;

http://www.ks.no/tema/Samfunn-og_demokrati1/Folkevalgtportalen/Lokaldemokratiundersokelsen-2014/

KS vil i etterkant av undersøkelsen lage en samlerapport med resultater fra alle kommunene. En slik rapport skal presenteres på Kommunalpolitisk toppmøte 1. april 2014

Europarådets strategi for godt styresett

I samarbeid med Kommunaldepartementet har KS de siste årene hatt ansvar for å implementere *Europarådets strategi for godt styresett på lokalt nivå* i norske kommuner. Strategien består av 12 prinsipper som omfatter de grunnleggende verdiene i europeisk demokrati, og hvilke krav som må oppfylles for godt demokratisk styresett. Dette har tidligere vært gjennomført som et eget prosjekt.

Nå er Europarådets prinsipper integrert i spørsmålene i lokaldemokratiundersøkelsen. Det betyr at kommuner som i etterkant av undersøkelsen er interessert i å få vurdert standard i egen kommune oppimot Europarådets 12 prinsipper, kan melde sin interesse til KS. De vil da få mulighet til vurdering av en uavhengig ekspertgruppe. Det vil kreves noe dokumentasjon og en plan for utvikling av lokaldemokratiet for å delta i dette.

Kommuner som vurderes til et bestemt nivå vil kunne motta Europarådets utmerkelse for godt styresett.

Spørsmål til dette kan rettes til Lise Spikkeland i KS.

Med vennlig hilsen

Lise Spikkeland, KS
Spesialrådgiver

Lokaldemokratiundersøkelse 2014 – Spørsmål til folkevalgte

Hvordan kommunen fungerer (Samme som innbyggerspørsmålene) 15 spørsmål A-O
PÅLITELIG STYRE
A Som regel kan en stole på løftene fra politikerne her i kommunen.
B Her i kommunen misbruker ikke de folkevalgte sin makt til personlig fordel.
C. De som har gode personlige forbindelser i kommunen, får lettere ivaretatt sine interesser
ANSVARLIG STYRE
D Kommunen gjør en god jobb med å informere innbyggerne om aktuelle saker som diskuteres i kommunepolitikken.
E Kommunen gjør en god jobb med å informere innbyggerne om hva man får igjen for skattepengene.
F Stort sett vet innbyggerne nok om forholdene her i kommunen til å bruke stemmeseddelen sin på en fornuftig måte i kommunevalget
BORGERNÆRT STYRE
G Her i kommunen har innbyggerne gode muligheter til å påvirke kommunale beslutninger som engasjerer dem.
H Her i kommunen involverer politikerne innbyggerne i forsøk på å finne løsninger på lokale problemer.
I Kommuneadministrasjonen gjør alltid sitt beste for å hjelpe innbyggerne.
EFFEKTIVT STYRE
J Jeg er i det store og hele godt fornøyd med kommunens tjenestetilbud til innbyggerne.
K I denne kommunen forvaltes de økonomiske ressursene på en forsvarlig måte.
L Jeg er i det store og hele fornøyd med måten kommunen takler de langsiktige utfordringene som dette lokalsamfunnet står overfor

FORNYELSE OG SOLIDARITET
M Denne kommunen skal ha ros for fornyelse og nytenking i måten oppgavene løses på
N Denne kommunen gjør en god innsats for å ivareta alle innbyggers behov og rettigheter

<input type="radio"/> Denne kommunen gjør for lite for de mest sårbare i samfunnet
OM ARBEIDET SOM FOLKEVALGT
1. Det er klare partipolitiske skillelinjer i kommunepolitikken
2. I vårt kommunestyre er det gode politiske debatter
3. Ordføreren er en ordfører for hele kommunestyret
4. Her i kommunen er det er dårlige relasjoner mellom posisjon og opposisjon.
5. Her i kommunen er det lett for de folkevalgte å få satt en sak på dagsorden
6. Arbeidet i kommunens politiske organer går for tregt
7. Jeg synes min rolle som folkevalgt er klar
8. Det er en klar rolle- og ansvarsfordeling mellom de politiske organene
9. Jeg kjenner delegeringsreglementet godt
10. De folkevalgtes styring og kontroll med kommunale selskaper fungerer tilfredsstillende
11. De folkevalgtes styring og kontroll med interkommunale samarbeidstiltak fungerer tilfredsstillende
12. Statens detaljstyring av kommunen uthuler rollen som folkevalgt
13. Vervet som folkevalgt er altfor tidkrevende
14. Jeg synes godtgjørelsen som folkevalgt står i forhold til arbeidsinnsatsen
15. Jeg føler at jeg får gjort nytte for meg som folkevalgt
16. Alt i alt trives jeg godt med arbeidet som folkevalgt
17. Jeg blir behandlet med respekt av mine kolleger i kommunestyret
18. Som folkevalgt har jeg blitt utsatt for ubehagelige hendelser fra innbyggere
FORHOLDET TIL ADMINISTRASJONEN

19. Administrasjonen er flink til å fange opp politiske signaler fra de folkevalgte
20. Det er lett å skaffe seg innsyn i den kommunale virksomheten
21. Administrasjonen legger for mange føringer i sakene.
22. Det er klare ansvarlinjer i forholdet mellom politikk og administrasjon
23. De folkevalgtes kontroll med administrasjonens iverksetting av vedtak fungerer tilfredsstillende
24. Rådmannen er flink til å synliggjøre det lokalpolitiske handlingsrommet i sakene
25. Rådmannens saksframsframlegg er lettfattelige
26. Min kommune har tilgang til tilstrekkelig kompetanse for å løse oppgavene.

BAKGRUNNSOPPLYSNINGER

Alder (i år)

Aldersgruppe

Under 30 år
 30-39 år
 40-49 år
 50 år +

Kjønn

Mann
 Kvinne

Høyeste fullførte utdanning

Folke-/grunnskole
 Videregående allmenfag eller lignende
 Fag/yrkesutdanning fra videregående skole
 Universitet eller høyskole

Stilling/arbeidsplass

Ansatt i offentlig sektor
 Ansatt i privat sektor
 Selvstendig næringsdrivende
 Student
 Trygdet, pensjonist
 Annet

Hvilket politisk parti/liste representerer du i kommunestyret?

Arbeiderpartiet
 Fremskrittspartiet
 Høyre
 Kristelig folkeparti
 Senterpartiet
 Sosialistisk Venstreparti
 Venstre
 Bygdeliste/lokal liste
 Andre

Er du medlem av formannskapet?

Ja, fast møtende
 Ja, varamedlem
 Nei

Hvilken komite/hvilket hovedutvalg er du medlem av? Oppgi komiteens/utvalgets navn (la stå blankt hvis ikke medlem):

Hvor mange valgperioder har du vært fast medlem av kommunestyret, inkludert inneværende valgperiode? Sett ett kryss

En valgperiode
 To valgperioder
 Tre eller flere valgperioder